



Utval: Kultur- og ressursutvalet
Møtestad: , USF Verftet Georgernes Verft 12, 5011 BERGEN
Dato: 21.10.2014
Tidspunkt: 11:00 – 15:45

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Siri Klokkestuen	Medlem	FL A/R
Natalie Antonia Golis	Medlem	FL A/R
Svein Halleraker	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Tom Sverre Tomren	Medlem	FL SP/MDG
Anne Beth Njærheim	Leiar	V
Inger Johanne Seim	Medlem	FL A/R

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marianne Sandahl Bjørøy	Medlem	FL A/R
Neshe Lie	Medlem	H
Peder Sjø Slettebø	Medlem	H
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Kristian Helland	Medlem	KRF
Anita Garlid Johannessen	Nestleiar	FRP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Bjarte Vatnøy	Anita Garlid Johannessen	FRP
Merete Skadal	Neshe Lie	H
Beate Husa	Kristian Helland	KRF
Øyvind Hardeland	Marianne Sandahl Bjørøy	A

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør for Kultur og idrett
Ronny Skaar	Seksjonsleiar, stedfortredar – kultur og idrettsavdelinga
Per Morten Ekerhovd	Fylkesantikvar/seksjonsleiar – kultur og idrettsavdelinga
Tone Haugland	Saksbehandlar – kultur og idrettsavdelinga
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Marit Rødseth	Plansjef – regionalavdelinga
Kjetil Sigvaldsen	Saksbehandlar regionalavdelinga
Odd Kenneth Mellingen	Stabssjef – kultur og idrettsavdelinga

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 122/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 123/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 124/14	Ymse		
PS 125/14	Referatsaker (meldingar)		
RS 66/14	Klimavalg 2015 - Klimavettreglene	2014/20495	
RS 67/14	Invitasjon til Utviklingsnett - Kulturminnearbeid i kommunene – nok en gang	2014/341	
RS 68/14	Plankonferansen 2014 - program	2014/20899	
RS 69/14	Bruk av kulturarv 2014- seminar	2014/15920	
RS 70/14	Byliv og næring i sentrum - verneverdige byområder som ressurs - konferanse i Bergen 25. - 26. november	2014/568	
RS 71/14	Oversendelse av brosjyren - Hva skjuler seg i jorda?	2014/19509	
RS 72/14	Evaluering av Den Nationale Scene	2014/21357	
RS 73/14	Utbetaling av tilskudd - kartlegging og verdsetting av friluftsområder - Avtalenummer 14010558	2014/20396	
RS 74/14	Konferanse BYLIV OG NÆRING I SENTRUM – verneverdige byområder som ressurs -Litteraturhuset i Bergen 25. – 26. november 2014	2014/568	
RS 75/14	Planrapport 2013 - regional og kommunal planlegging i Hordaland - orientering	2014/21895	
RS 76/14	Invitasjon til rundebordskonferanse 24. oktober 2014. Samarbeid mellom Noreg og Skotland om kulturarv	2014/15920	
RS 77/14	Grunnlovsjubileumsarrangement i fylkeskommunal regi hausten 2014	2014/325	
RS 78/14	Seminar - Fra ting til ting - tingets arkeologi og historie	2014/15920	
RS 79/14	Olympiatoppen Vest - kunnskapsturnè	2014/21869	
PS 126/14	Forslag om freding av den tidlegare tobakksbutikken Reimers & Søns eftf. Høyringsfråsegn	2014/19846	
PS 127/14	Tilskot i Prosjekt bryggen - Framlegg til justering av retningslinjer	2014/14018	
PS 128/14	Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland. Høyring av forprosjekt.	2014/15770	
PS 129/14	Nye rutiner for søknad gjennom Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK)	2014/1022	
PS 130/14	Kunst- og kulturformidling i skulen - Avtale med kommunar	2014/10430	
PS 131/14	Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2014	2014/19571	
PS 132/14	Klage over avslag, Ålmenne kulturføremål 2014 - Dokumentar/ kortfilm "idrettsmerkestatuett økonomisk"	2014/323	
PS 133/14	Spørsmål om oppnemning av styremedlem - Stiftelsen Fjelberg Prestegard	2014/729	
PS 134/14	Klage over avslag på søknad om tilskot – Teaterdrift Bergen AS	2014/19336	

PS 135/14	Fråsegn til høyring av "retningslinjer for budsjettering av arkeologiske registreringer og gjennomføring av undersøkelseplikten i henhold til kulturminneloven § 9, jf. kulturminneloven § 10	2014/18649
PS 136/14	Innspel til Helse- og omsorgsdepartementet om ny folkehelsemelding 2015	2014/18419
PS 137/14	Søknad om konsesjon for overføring av Vatn 1062 og Vatn 1112 på Pyttafloene til Mauranger kraftverk. Høyringsfråsegn.	2014/19497
PS 138/14	Fråsegn til kommuneplanens arealdel - Meland kommune	2014/18701
PS 139/14	Søknad om 3 overføringar frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen for kraftproduksjon i Samnangervassdraget - fråsegn	2014/10077
PS 140/14	Kommuneplan for Modalen kommune 2014 - 2025	2014/18653
PS 141/14	Fråsegn til områdeplan for Valestrand sentrum i Osterøy kommune	2014/18050
PS 142/14	Søknad om overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn for auka kraftproduksjon i Hodnaberg kraftverk i Voss kommune - fråsegn	2014/18360
PS 143/14	Fråsegn områderegulering Sævarhagen - Haga - Nedre Økland, Stord kommune	2014/17184

PS 122/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Vedtak

Beate Husa etterlyste betre rutinar for å sende møteinnkalling til vararepresentantar, og foreslo at alle vararepresentantar fekk invitasjon til å vere del av dropbox. Dette for å sikre at sakspapira kan mottakast og handterast elektronisk for den enkelte vararepresentant.

Det var elles ingen merknad til innkalling og saksliste.

PS 123/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Vedtak

Møteboka vart godkjent slik den låg føre.

PS 124/14 Ymse

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Natalie Golis stilte spørsmål om novembermøtet var over to dagar. Anne-Beth Njærheim stadfesta at novembermøtet berre var over ein dag, d.v.s. 18. november.

PS 125/14 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Vedtak

RS 66/14 Klimavalg 2015 - Klimavettreglene

RS 67/14 Invitasjon til Utviklingsnett - Kulturminnearbeid i kommunene – nok en gang

RS 68/14 Plankonferansen 2014 - program

RS 69/14 Bruk av kulturarv 2014- seminar

RS 70/14 Byliv og næring i sentrum - verneverdige byområder som ressurs - konferanse i Bergen 25. - 26. november

RS 71/14 Oversendelse av brosjyren - Hva skjuler seg i jorda?

RS 72/14 Evaluering av Den Nationale Scene

RS 73/14 Utbetaling av tilskudd - kartlegging og verdsetting av friluftsområder - Avtalenummer 14010558

RS 74/14 Konferanse BYLIV OG NÆRING I SENTRUM – verneverdige byområder som ressurs - Litteraturhuset i Bergen 25. – 26. november 2014

RS 75/14 Planrapport 2013 - regional og kommunal planlegging i Hordaland - orientering

RS 76/14 Invitasjon til rundebordskonferanse 24. oktober 2014. Samarbeid mellom Noreg og Skotland om kulturarv

RS 77/14 Grunnlovsjubileumsarrangement i fylkeskommunal regi hausten 2014

RS 78/14 Seminar - Fra ting til ting - tingets arkeologi og historie

RS 79/14 Olympiatoppen Vest – kunnskapsturnè

PS 126/14 Forslag om freding av den tidlegare tobakksbutikken Reimers & Søns eff. Høyringsfråsegn

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av lokalet til tobakksbutikken Reimers & Søns eff.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av lokalet til tobakksbutikken Reimers & Søns eff.

PS 127/14 Tilskot i Prosjekt bryggen - Framlegg til justering av retningslinjer

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 5, punkt 6.4, punkt 10.2, punkt 10.3, punkt 10.4 og punkt 10.5 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 5, punkt 6.4, punkt 10.2, punkt 10.3, punkt 10.4 og punkt 10.5 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

PS 128/14 Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland. Høyring av forprosjekt.

Forslag til innstilling:

1. Fylkesutvalet slutter seg til intensjonane i forprosjektet *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland*, og til utval, avgrensing og skildring av dei 9 områda slik dei er lagt fram.
2. Fylkesutvalet ser dette som ei klargjering av viktige interesser og rår til at forprosjektet vert ført vidare i eit landsfemnande prosjekt.
3. Fylkesutvalet vil setje i verk eit arbeid for å få oversyn over kulturhistoriske landskap i Hordaland med regional interesse.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Siri Klokkestuen (A) sette fram slikt forslag til nytt pkt. 4:

«Status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse bør gi prioritet ved tildelingar frå regionale og sentrale tilskotsordningar retta mot formidling, landskap og samfunnsutvikling.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt.1 ,2 og 3 vart samrøystes vedteke.
Klokkestuen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Fylkesutvalet slutter seg til intensjonane i forprosjektet *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland*, og til utval, avgrensing og skildring av dei 9 områda slik dei er lagt fram.
2. Fylkesutvalet ser dette som ei klargjering av viktige interesser og rår til at forprosjektet vert ført vidare i eit landsfemnande prosjekt.
3. Fylkesutvalet vil setje i verk eit arbeid for å få oversyn over kulturhistoriske landskap i Hordaland med regional interesse.
4. Status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse bør gi prioritet ved tildelingar frå regionale og sentrale tilskotsordningar retta mot formidling, landskap og samfunnsutvikling.»

PS 129/14 Nye rutiner for søknad gjennom Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK)

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vil arbeide for å styrkje den lokale forankringa av arbeide med skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne i Hordaland.
2. Fylkesutvalet vedtek følgjande retningslinjer for Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) i Hordaland:

Føremålet med ordninga:

Målet med ordninga er at eit representativt utval av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal sikrast gjennom langsiktig skjøtsel og gjerast tilgjengelig for publikum innan 2020. Ordninga gjev midlar til skjøtsel, restaurering og formidling og tiltak som gir auka tilgjenge eller som medverkar til å avgrensa slitasten på kulturminna. Tiltak der mellom anna lokalt engasjement og særlege

opplevings- og formidlingsverdier er knytte til kulturminna skal prioriterast.

1. Kven kan søkje?

- Kommunar som har vedtatt eller har starta opp arbeid med ein kulturminneplan kan søkja.
- Museum eller andre lag eller organisasjonar i kommunar jf. punkt 1 kan søkja i samråd med kommunen.

2. Kva kan ein søkja om?

- Det aktuelle tiltaket må vera på lista over utvalgte arkeologiske kulturminne i Hordaland. (Ved ynskje om tiltak på kulturminne som ikkje er på lista må dette avklarast separat med Hordaland fylkeskommune i god tid før ordinær søknadsfrist).
- Grunnvilkåra for tilskotsordninga er slått fast gjennom rundskriv T-1/13 *Tilskotsordningar for 2014*. Om søknader som fyller grunnvilkåra skal verte tildelt tilskot beror på ei heilskapleg vurdering med utgangspunkt i føremålet med ordninga. Det skal leggjast vekt på følgjande moment (i uprioritert rekkefølge):
 - a. Tiltak med særlege høge opplevingsverdier og stort formidlingspotensiale.
 - b. Tiltak med stort lokalt engasjement.
 - c. Tiltak i kommunar der det ikkje tidlegare er skjøtta- og tilrettelagte arkeologiske kulturminne.
 - d. Tiltak med universell utforming.
 - e. Kulturminne som er prioriterte av kommunane.

3. Avgjerdsmynde:

Kultur- og ressursutvalet avgjer kva søknader som skal prioriterast etter instilling frå fylkesrådmannen.

4. Søknadsfrist

Søknad sendast Hordaland fylkeskommune v/ Kultur- og idrettsavdelinga innan 1. desember.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet vil arbeide for å styrkje den lokale forankringa av arbeide med skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne i Hordaland.
2. Fylkesutvalet vedtek følgjande retningslinjer for Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) i Hordaland:

Føremålet med ordninga:

Målet med ordninga er at eit representativt utval av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal sikrast gjennom langsiktig skjøtsel og gjerast tilgjengelig for publikum innan 2020. Ordninga gjev midlar til skjøtsel, restaurering og formidling og tiltak som gir auka tilgjenge eller som medverkar til å avgrensa slitasjen på kulturminna. Tiltak der mellom anna lokalt engasjement og særlege opplevings- og formidlingsverdier er knytte til kulturminna skal prioriterast.

1. Kven kan søkje?

- Kommunar som har vedtatt eller har starta opp arbeid med ein kulturminneplan kan søkja.
- Museum eller andre lag eller organisasjonar i kommunar jf. punkt 1 kan søkja i samråd med kommunen.

2. Kva kan ein søkja om?

- Det aktuelle tiltaket må vera på lista over utvalgte arkeologiske kulturminne i Hordaland. (Ved ynskje om tiltak på kulturminne som ikkje er på lista må dette avklarast separat med Hordaland fylkeskommune i god tid før ordinær søknadsfrist).
- Grunnvilkåra for tilskotsordninga er slått fast gjennom rundskriv T-1/13 *Tilskotsordningar for 2014*. Om søknader som fyller grunnvilkåra skal verte tildelt tilskot beror på ei heilskapleg vurdering med utgangspunkt i føremålet med ordninga. Det skal leggjast vekt på følgjande

moment (i uprioritert rekkefølge):

- a. Tiltak med særlege høge opplevingsverdiar og stort formidlingspotensiale.
- b. Tiltak med stort lokalt engasjement.
- c. Tiltak i kommunar der det ikkje tidlegare er skjøtta- og tilrettelagte arkeologiske kulturminne.
- d. Tiltak med universell utforming.
- e. Kulturminne som er prioriterte av kommunane.

3. Avgjerdsmynde:

Kultur- og ressursutvalet avgjer kva søknader som skal prioriterast etter instilling frå fylkesrådmannen.

4. Søknadsfrist

Søknad sendast Hordaland fylkeskommune v/ Kultur- og idrettsavdelinga innan 1. desember.

PS 130/14 Kunst- og kulturformidling i skulen - Avtale med kommunar

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet godkjenner avtalen mellom Hordaland fylkeskommune og kommunane om samarbeid og rollefordeling knytt til kunst og kulturformidling i skulen, slik den er skissert vedlegg til saka.
2. Kultur- og ressursutvalet godkjenner avtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om samarbeid og rollefordeling knytt til kunst og kulturformidling i skulen, slik den er skissert vedlegg til saka.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet godkjenner avtalen mellom Hordaland fylkeskommune og kommunane om samarbeid og rollefordeling knytt til kunst og kulturformidling i skulen, slik den er skissert vedlegg til saka.
2. Kultur- og ressursutvalet godkjenner avtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om samarbeid og rollefordeling knytt til kunst og kulturformidling i skulen, slik den er skissert vedlegg til saka.

PS 131/14 Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2014

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet løyver 2 450 000 kroner frå konto 10.400.712.00 Den kulturelle spaserstokken 2014 til:

Kommune	Søknadssum	Tildeling 2014
Bergen	1 100 000	930 000
Askøy	170 000	90 000
Voss	360 000	120 000
Kvinnherad	120 000	100 000
Stord	243 000	74 000

Fjell	100 000	75 000
Os	215 000	80 000
Lindås	120 000	85 000
Kvam	550 000	104 000
Bømlo	200 000	70 000
Odda	50 000	50 000
Osterøy	150 000	50 000
Vaksdal	150 000	54 000
Radøy	100 000	35 000
Meland	60 000	30 000
Sund	60 000	32 000
Ullensvang	130 000	60 000
Fusa	115 000	41 000
Etne	175 000	46 000
Austevoll	90 000	35 000
Øygarden	90 000	35 000
Tysnes	30 000	30 000
Austrheim	80 000	30 000
Fitjar	35 000	25 000
Samnanger	57 100	29 000
Masfjorden	30 000	30 000
Ulvik	40 000	38 000
Granvin	100 000	28 500
Eidfjord	28 500	28 500
Fedje	15 000	15 000
SUM	4 763 600	2 450 000

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet løyver 2 450 000 kroner frå konto 10.400.712.00 Den kulturelle spaserstokken 2014 til:

Kommune	Søknadssum	Tildeling 2014
Bergen	1 100 000	930 000
Askøy	170 000	90 000
Voss	360 000	120 000
Kvinnherad	120 000	100 000
Stord	243 000	74 000
Fjell	100 000	75 000
Os	215 000	80 000
Lindås	120 000	85 000
Kvam	550 000	104 000
Bømlo	200 000	70 000
Odda	50 000	50 000
Osterøy	150 000	50 000

Vaksdal	150 000	54 000
Radøy	100 000	35 000
Meland	60 000	30 000
Sund	60 000	32 000
Ullensvang	130 000	60 000
Fusa	115 000	41 000
Etne	175 000	46 000
Austevoll	90 000	35 000
Øygarden	90 000	35 000
Tysnes	30 000	30 000
Austrheim	80 000	30 000
Fitjar	35 000	25 000
Samnanger	57 100	29 000
Masfjorden	30 000	30 000
Ulvik	40 000	38 000
Granvin	100 000	28 500
Eidfjord	28 500	28 500
Fedje	15 000	15 000
SUM	4 763 600	2 450 000

PS 132/14 Klage over avslag, Ålmenne kulturføremål 2014 - Dokumentar/ kortfilm "idrettsmerkestatuett økonomisk"

Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak av 13.05.2014 om avslag på søknad om tilskot vert oppretthalde.
Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak av 13.05.2014 om avslag på søknad om tilskot vert oppretthalde.

PS 133/14 Spørsmål om oppnemning av styremedlem - Stiftelsen Fjelberg Prestegard

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune oppnemner eit styremedlem i Stiftinga Fjelberg Prestegard.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Anne-Beth Njærheim (V) sette fram følgjande tilleggsforslag:

«Kultur- og ressursutvalet sender saka til valnemnda.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forlag vart samrøystes vedteke.
Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune oppnemner eit styremedlem i Stiftinga Fjelberg Prestegard. Kultur- og ressursutvalet sender saka til valnemnda.

PS 134/14 Klage over avslag på søknad om tilskot – Teaterdrift Bergen AS

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Siri Klokkestuen (A) sette fram slikt forslag til vedtak:

« Teaterdrift AS får 200 000 kr frå rådveldekontoen i tråd med sak 78/14.»

Røysting

Klokkestuen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Teaterdrift AS får 200 000 kr frå rådveldekontoen i tråd med fylkesrådmannen si grunngjeving og tilråding i sak 78/14 i Kultur og ressursutvalet.»

PS 135/14 Fråsegn til høyring av "retningslinjer for budsjettering av arkeologiske registreringer og gjennomføring av undersøkelseplikten i henhold til kulturminneloven

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner at arkeologiske registreringar skal bidra til effektiv og førutseieleg handsaming av arealplanar og godt kulturminnevern til beste for heile Hordaland.
2. Nye retningslinjer er i hovudsak i tråd med Hordaland fylkeskommune sin etablerte praksis, og fylkesutvalet sluttar seg til framlegget.
3. Fylkesutvalet meiner at fylkeskommunen som delegert kulturminnemynde sjølv må ta stilling til omfang og bruk av faglege metodar i registrering i kvar enkelt sak.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Bjarte Vatnøy (Frp) sette fram slik protokollmerknad:

« Ønskje om revidering av retningslinjer for arkeologisk registrering og gjennomføring av undersøkelsesplikt. Ønskjer politisk gjennomgang og revisjon med hensyn til kvalitet framfor kvantitet.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet meiner at arkeologiske registreringar skal bidra til effektiv og førutseieleg handsaming av arealplanar og godt kulturminnevern til beste for heile Hordaland.

2. Nye retningslinjer er i hovudsak i tråd med Hordaland fylkeskommune sin etablerte praksis, og fylkesutvalet sluttar seg til framlegget.
3. Fylkesutvalet meiner at fylkeskommunen som delegert kulturminnemynde sjølv må ta stilling til omfang og bruk av faglege metodar i registrering i kvar enkelt sak.

Protokollmerknad frå Bjarte Vatnøy på vegner av Frp:

Ønskje om revidering av retningslinjer for arkeologisk registrering og gjennomføring av undersøkelsesplikt. Ønskjer politisk gjennomgang og revisjon med omsyn til kvalitet framfor kvantitet.

PS 136/14 Innspel til Helse- og omsorgsdepartementet om ny folkehelsemelding 2015

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune viser til fylkeskommunen sin Regionale plan for folkehelse.
2. Hordaland fylkeskommune ber Helse- og omsorgsdepartementet merke seg vedteke sakkdokument og utgreiing i sitt vidare arbeid med ny stortingsmelding om folkehelse.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Anne-Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag til vedtak:

« Pkt. 2 vert erstatta med fylkesrådmannen sitt innspel til folkehelsemeldinga i saka vedkomande *vidareutvikle folkehelsearbeidet, barn og unge samt psykisk helse og gode nærmiljø.*»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 vart samrøystes vedteke.
Njærheim sitt forslag til nytt pkt. vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune viser til fylkeskommunen sin Regionale plan for folkehelse.
2. **Vidareutvikle folkehelsearbeidet:**
 - *Prioritere arbeidet med å redusere sosiale helseskilnader høgt:* Det er godt dokumentert i den nye norske kunnskapsrapporten frå 2014 «*Sosial ulikhet i helse*» at sosial ulikhet i helse framleis er ei stor utfordring i folkehelsearbeidet. Rapporten peikar mellom anna på at dei sosiale helseskilnadane er eit samfunnsproblem, er urettferdige og representerer eit tap for einskildpersonar, familiar og for samfunnet. Utfordingar knytt til sosial ulikskap vert også peika på i «*Folkehelse rapporten 2014*». Folkehelsepolitikken på dette området bør byggje på anbefalingane frå den ferske norske kunnskapsrapporten. Det må leggast vekt på: samarbeid på tvers av samfunnssektorar, mogelegheitene til å treffe gode individuelle val og legge til rette samfunnet for sunne val, faktorar som fremjar god psykisk helse og trivsel, tidleg innsats, samt samarbeid med frivillig sektor.
 - *Sikre gode rammer for utvikling av tverrsektorielt arbeid og partnerskap for folkehelse:* Gode folkehelse tiltak fordrar oftast godt tverrsektorielt samarbeid. Gjennom utvikling av heilskapelege arbeidsformer og tverrsektorielt samarbeid, kan ein politikk som kombinerer tiltak på mange område sikrast. Sidan den nye lova kom i 2012 har merksemda knytt til verdien av utstrakt samarbeid auka. NIBR peiker i sin evalueringsrapport på at å arbeide inn det breie folkehelseperspektivet krev omstilling. Folkehelsearbeid i tråd med folkehelselova er offentleg innovasjon. Tiltak i den nye meldinga må støtte opp om at «prinsippet om helse i alt vi gjer» må «automatiserast» inn i alle samfunnssektorar både på statleg, regionalt og lokalt nivå. På sikt vil slike satsingar gjere meir effektiv bruk av offentlege ressursar.

Sidan strategien om partnerskap for folkehelse som grunnlag for samarbeid og erfaringsutvikling,

blei lansert med Bondevik 2 regjeringa for over ti år sidan, er modellen anbefalt som arbeidsform i Folkehelselova. Det bør arbeidast for å vidareutvikle gode modellar for folkehelsepartnarskap med breidde i deltakande aktørar for å sikre sterkare samhandling og innovasjon.

- *Samhandling på regionalt nivå:* Fylkeskommunen skal etter folkehelselova bidra til innovasjon i rolla som regional utviklingsaktør, samt støtte kommunane i deira folkehelsearbeid. Eit regionalt nivå kan bidra til tydelegare satsingar knytt til prioritering av innsatsområder, samt i endå sterkare grad bidra til nye koplingar innan ulike samfunnsområder. Meir offentleg innovasjon gjennom ny utvikling av breiare partnarskap for folkehelse med meir samstyring (governance) kan vere eit slikt verkemiddel. Kommunane bør få ein større rolle i dette arbeidet enn det som gjerne har vore praksis hittil. Eit anna regionalt verkemiddel er å koordinere innsatsen frå ulike aktørar som i dag har ei rolle i arbeidet med å understøtte kommunane. Det vil vere meir tidseffektivt og meir strukturert å nytte ulike samhandlingsarenaer som er etablerte (som regionale plannettverk) og vidare utvikle desse. Regionale satsingar i folkehelsearbeidet vil fremje nærleik og eigarskap lokalt. Fylkesrådmannen ser det som viktig at nasjonalt utvikling- og pådrivararbeid har som mål å både bygge og nytte kompetanse lokalt og regionalt.
- *Vektlegge innsats innan både helsefremjande og førebyggjande arbeid:* Dei innsatsområda som er valde som hovudinnsatsområder for den nye folkehelsepolitikken (psykisk helse i folkehelsearbeidet, aktive eldre og helse venlege val) er alle viktige områder i folkehelsearbeidet. Men Folkehelselova legg opp til ein brei tilnærming til folkehelsearbeid, der intensjonen både er at folkehelseaktørane skal ivareta det førebyggjande og det helsefremjande perspektivet. Ei sterk vektlegging av det førebyggjande folkehelsearbeidet og på få innsatsområder, kan føre til ei dreining av folkehelsearbeidet inn mot ei meir sjukdomsorientert retning og dermed bidra til ei mindre berekraftig samfunnsutvikling. Folkehelselova stiller i dag store krav til oversikt og tiltaksutvikling både for kommunar og fylkeskommunar på folkehelseområdet. Særleg vil meir kunnskap om kva ressursfaktorane har å seie for helse vere ein særleg verdi i utvikling av det framtidige folkehelsearbeidet.
- *Kunnskapsbygging og kunnskapsspreiing:* Det er framleis ein stor trong for kunnskapsbygging og kunnskapsspreiing både lokalt og regionalt knytt til folkehelsefeltet. Eit godt verkemiddel her kan vere regional koordinering av kunnskap gjennom ulike nettverk som partnarskap og mot kompetanseinstitusjonar. Stimulering til og gjennomføring av opplæring på politisk-, administrativ- og saksbehandlar nivå er viktig. Det same gjeld for befolkninga. Innsats knytt til meir helsevenlege val må sjåast i samanheng med alltid gjeldande kunnskap om årssaksamangar og påverknadsfaktorar. På andre områder som arbeidet med å fremje til dømes god psykisk helse og trivsel, har vi mindre sikker kunnskap og meir uklare samanhengar. Dette inneber at den nye meldinga også må peike på områder som treng forskning og evaluering.

Barn og unge

- *Innsats retta mot barn og unge må prioriterast:* Fylkesrådmannen meiner at satsing på barn og unge må vere ei prioritert oppgåve i den nye folkehelsemeldinga og bør løftast fram som eit eige punkt. Stadig meir forskning peikar på at ein heilskapleg og langsiktig satsing på folkehelse må starte svært tidleg med tyngdepunkt mot barn, unge og foreldre/familien. Regjeringa peiker på at ein ønskjer at barn og unge som veks opp skal få meir likeverdige tiltak. Ei svært viktig oppgåve for kommunane er utvikling av gode levekår for barn og unge, samt sikre at barn og ungdom kjem seg gjennom utdanningsløpet. Barnehage og skule er viktige verktøy for å påverke trivsel, meistring, framtidig god psykisk helse, men også bidra til å legge eit godt grunnlag for gode helsevaner. Ei ny folkehelsemelding bør særleg løfte fram barnehagen og skulen som helsefremjande arenaer.

Psykisk helse og gode nærmiljø

- *Psykisk helse i folkehelsearbeidet:* Fylkesrådmannen meiner at i utvikling av kunnskapsområdet psykisk helse i folkehelsearbeidet er det viktig å løfte fram ulike samfunnssektorar sin funksjon som påverknadsfaktorar/ressursfaktorar for helse. Systematisk arbeid inn mot samfunnsarenaer som når mange - som barnehagar, skular, arbeidsplassar og lokalmiljø - har stort potensiale når det gjeld til dømes å førebyggje ulike psykiske helseproblem. Dei same arenaene er viktige for å fremje positive helseressursar for å byggje god psykisk og fysisk helse.

Vi treng meir merksemd på verdien av aktivitet og arbeid som ressurs for god psykisk helse. Like viktig som å auke tilknytning til arbeidslivet for dei eldste arbeidstakerane for å fremje fleire aktive år, er auka innsats retta mot unge og andre grupper som står utanfor arbeidslivet. Det er særleg urovekkande at så mange unge står utanfor arbeidslivet. Ei sterkare satsing knytt til arbeid og

arbeidsplassen krev tettare samhandling mellom ulike departement, samt at arbeidstakar og arbeidsgjevar organisasjonar må trekkjast tettare inn i folkehelsearbeidet.

- *Satse på gode nærmiljø og universell utforming i folkehelsearbeidet:* Norge har slutta seg til Health 2020 som mellom anna vektlegg at både sivilsamfunn og enkelt personar må setjast i stand til å ta ansvar for eige liv og bidra i eige lokal samfunn. Auka innsats for mest mogeleg universell tilrettelegging av samfunnet enten det handlar om fysisk miljø inne og ute, sosiale møtestadar eller kommunikasjon, kan bidra til eit samfunn med auka meistring, medverknad og tilhørslse. Vidare kan dette fremje deltaking og inkludering for innbyggjarane på tvers av alder, kjønn, geografisk og sosial bakgrunn.

Å legge til rette samfunnet for å meir trivsel, aktivitet og deltaking er gode tiltak for folkehelsa. Dette særleg sett i lys av at vi står føre ein rask befolkningsvekst særleg i bysentra og i tettbygde strøk. Stadutvikling i framtida må gje rom for å utvikle gode og helsefremjande nærmiljø. Nærmiljøet er ein svært viktig gjennomføringsarena i folkehelsearbeidet. Utforming av nærmiljøet kan bidra til både ressursar for å bygge god helse for alle befolkningsgrupper og fremje mellom anna bevegelse og aktiv transport. I nærmiljøet kan det leggjast til rette slik at befolkninga i alle aldersgrupper kan ta gode helsevenlege val. Utvikling av helsefremjande nærmiljø er eit godt verkemiddel for å auke tverrsektorielt arbeid.

PS 137/14 Søknad om konsesjon for overføring av Vatn 1062 og Vatn 1112 på Pyttafloene til Mauranger kraftverk. Høyringsfråsegn.

Forslag til innstilling

Vatn 1112:

- | |
|--|
| 1. Av omsyn til sårbart høgfjell og fjordlandskap av stor verdi og Pyttafloene som svært viktig regionalt friluftsområde rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Vatn 1112. |
|--|

Vatn 1062:

- | |
|--|
| 2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Vatn 1062. |
| 3. Det må stillast krav om minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren. |
| 4. Betongen i sperredammen må forblendast med stein frå området. |
| 5. Sperredammen må utformast slik at turgjengarar kan passera over han om det er føremålstenleg for friluftslivet, og dammen må få ei form som er tilpassa omgjevnadene. |
| 6. Tippmassane frå tunnel må plasserast slik at dei ikkje blir synlege frå turstien. |

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Natalie Golis (MDG) sette fram følgjande forslag til nytt pkt.2:

«Hfk rår ifrå utbygging av vatn 1062 av omsyn til friluftsliv, nærleik til Folgefonna nasjonalpark og sårbart høgfjell-landskap.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2,3,4,5 og 6 vart vedteke med 9 røyster mot Golis sitt forslag som vekk 2 røyster (MDG).

Innstilling

Vatn 1112:

1. Av omsyn til sårbart høgfjell og fjordlandskap av stor verdi og Pyttafloene som svært viktig regionalt friluftsområde rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Vatn 1112.

Vatn 1062:

2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Vatn 1062.
3. Det må stillast krav om minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren.
4. Betongen i sperredammen må forblendast med stein frå området.
5. Sperredammen må utformast slik at turgjengarar kan passera over han om det er føremålstenleg for friluftslivet, og dammen må få ei form som er tilpassa omgjevnadene.
6. Tippmassane frå tunnel må plasserast slik at dei ikkje blir synlege frå turstien.

PS 138/14 Fråsegn til kommuneplanens arealdel - Meland kommune

Forslag til vedtak

1. Forslaget til kommuneplanen sin arealdel for Meland kommune er godt gjennomarbeidd og er i hovudsak i tråd med regionale interesser. Gode arealstrategiar har vore eit godt grep for å vurdere framtidig arealbruk.
2. Planforslaget er i hovudsak i tråd regionale interesser, likevel vil Kultur- og ressursutvalet rå til at følgjande område vert tatt ut av planen:
 - a. B12 – Ådland grunna lange avstander til senter og sosial infrastruktur
 - b. B 16 – lo grunna lange avstander til senter og sosial infrastruktur
 - c. N3 - Mjåtveit ligg klemt inn mellom to bustadområde. Dette vil skape ei barriereverknad for bustadområde B9 og kontakten mot andre bustadområde og Frekhaug og vil gjere det vanskeleg å leggje til rette for sykkel- og gange.
 - d. N13 rår eit regionalt friluftsområde med store opplevingskvalitetar i eit område som i dag er lite prega av inngrep.
3. Kultur- og ressursutvalet tilrår at kommunen tek inn føresegn som sikrar følgjande:
 - a. at infrastruktur for gang- og sykkel er på plass innan nye bustadområde vert tatt i bruk.
 - b. Næringsområda N6, N8 og N10 bør vere reservert for arealkrevjande verksemd. Kontorarbeidsplassar vil generere mykje persontrafikk i eit område med relativt dårleg kollektivdeknad.
 - c. Næringsområde N10 ligg langsmed ein del av fylkesveg 564 som er smal og av dårleg kvalitet. Det bør knyttast ei føresegn om rekkjefølge slik at vegen er utbetra, og med gang- og sykkelveg, før arealet blir tatt i bruk.
 - d. Næringsområda N13 og N14 ligg i dag utan gode vegforbindelsar og vil vere uaktuelle å realisere utan at Samband Vest blir realisert først. Kultur og ressursutvalet tilrår at føresegnene blir tydelegare på dette punktet.
 - e. Planen opnar for utviding av næringsområde N2 på Flatøy. Konsekvensutgreiinga for dette tiltaket er mangelfull. Utgreiinga tar ikkje opp i seg på ein god nok måte omsynet til regionalt friluftsområde, viktige gyteområde for fisk og kva konsekvensar tiltaket vil ha for natur, friluftsliv og landskap samla sett. Føresegnene bør sette krav om at reguleringsplan for området må skildre konsekvensar for regionalt friluftsområde, gyteområde og landskap.
4. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn til område sett av til LNF- spreidd busetnad/bebyggelse for område 30 lo SB_11 og område 97 Vikebø SB_9 grunna høgt potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Motsegn vert trekt dersom ein legg ei omsynssone c) (H570) over areala med tilhøyrande retningsline:
I H570_4 lo og H570_5 Vikebø er det høgt potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Ved tiltak som nye bustadeiningar skal søknad sendast til kulturminnemynde for vurdering.

5. Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om nye byggeområde i kommuneplanen sin arealdel inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for det einiskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.
6. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert teke inn ei føresegn i planen som sikrar utlegging av fortøyningar i fleirbruksområde utafor akvakulturområda.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Svein Halleraker (H) sette fram slikt forslag til vedtak:

« Saka blir utsett for synfaring og dialog med kommunen.»

Røysting

Halleraker sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka blir utsett for synfaring og dialog med kommunen.

PS 139/14 Søknad om 3 overføringer frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen for kraftproduksjon i Samnangervassdraget - fråsegn

Forslag til innstilling

Av omsyn til friluftsliv og rekreasjon, sårbart høgfjell, landskap, biologisk mangfald (deriblant hubro (EN, sterkt trua)), samla belastning og til dels høgt konfliktnivå rår Hordaland fylkeskommune frå overføringer frå Flatavatnet, Klenavatnet og Smørtjerna i Vaksdalsvassdraget til energiproduksjon i kraftverka i Samnangervassdraget.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Av omsyn til friluftsliv og rekreasjon, sårbart høgfjell, landskap, biologisk mangfald (deriblant hubro (EN, sterkt trua)), samla belastning og til dels høgt konfliktnivå rår Hordaland fylkeskommune frå overføringer frå Flatavatnet, Klenavatnet og Smørtjerna i Vaksdalsvassdraget til energiproduksjon i kraftverka i Samnangervassdraget.

PS 140/14 Kommuneplan for Modalen kommune 2014 - 2025

Forslag til vedtak

- | |
|---|
| <p>1. Kommuneplanen for Modalen, samfunnsdelen og arealdelen er utarbeidd i samsvar med mål og retningslinjer i regionale planar. Kommunen har gjort eit grundig arbeid ved utarbeidinga, og samstundes framstilt planen lettfattede og brukarvenleg. Hordaland fylkeskommune vurderer kommuneplanen som eit godt styrings- og utviklingsreiskap for samfunnsutviklinga i kommunen. Fylkeskommunen har ikkje vesentlege merknader til planen.</p> |
| <p>2. Hordaland fylkeskommune tek atterhald om utbyggingsområda i planen inntil undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven er oppfylt</p> |

3. Konsekvensutgreiinga er tilfredsstillande med omsyn til kulturminne.
4. Med omsyn til naustbygging på Nøttveit må ein ta sær omsyn til det eksisterande sjøbruksmiljøet.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kommuneplanen for Modalen, samfunnsdelen og arealdelen er utarbeidd i samsvar med mål og retningslinjer i regionale planar. Kommunen har gjort eit grundig arbeid ved utarbeidinga, og samstundes framstilt planen lettfatteleg og brukarvenleg. Hordaland fylkeskommune vurderer kommuneplanen som eit godt styrings- og utviklingsreiskap for samfunnsutviklinga i kommunen. Fylkeskommunen har ikkje vesentlege merknader til planen.
2. Hordaland fylkeskommune tek atterhald om utbyggingsområda i planen inntil undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven er oppfylt
3. Konsekvensutgreiinga er tilfredsstillande med omsyn til kulturminne.
4. Med omsyn til naustbygging på Nøttveit må ein ta sær omsyn til det eksisterande sjøbruksmiljøet.

PS 141/14 Fråsegn til områdeplan for Valestrand sentrum i Osterøy kommune

Forslag til vedtak

1. Ved handsaming av reguleringsplan i 2007 fremja Riksantikvaren motsegn til dåverande plan for Timberdalen 135 bnr 9 og 16 m fl. Valestrandsfossen i Osterøy kommune. Grunnlaget for motsegna frå 2007 er ikkje løyst i noverande planframlegg. Planframlegget manglar omsynssone rundt garveri- og naustmiljø og er i konflikt med omsynet til nasjonale kulturminneverdiar. Det er knytt motsegn til dette punktet.
2. Område ved Nausthaugen er lagt inn som BKB09 med føremål kombinert byggje- og anleggsføremål. Dette er ikkje i samsvar med dei omsyna som Riksantikvaren har sagt skal takast i og ved garveriverksemda, jf vedtak frå 2007. Planen er i konflikt med omsynet til nasjonale kulturminneverdiar. Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. Kulturmiljøet omkring Bullaeigedommen har nasjonal kulturminneverdi og må sikrast med ei tilstrekkeleg stor omsynssone kring eigedommen. I planframlegget ligg areal BKB05 slik til at tiltak kan redusera dei kulturminneverdiane som omsynssona skal ta i vare. Det er knytt motsegn til dette punktet.
4. Motsegna kan trekkast dersom det vert lagt fram revidert planforslag som tek omsyn til våre merknader, jf punkt 1, 2 og 3 ovanfor.
5. Kultur- og ressursutvalet rår til at Osterøy kommune tek omsyn til dei andre merknadene som er knytt til planforslaget.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Ved handsaming av reguleringsplan i 2007 fremja Riksantikvaren motsegn til dåverande plan for Timberdalen 135 bnr 9 og 16 m fl. Valestrandsfossen i Osterøy kommune. Grunnlaget for motsegna frå 2007 er ikkje løyst i noverande planframlegg. Planframlegget manglar omsynssone rundt garveri- og naustmiljø og er i konflikt med omsynet til nasjonale kulturminneverdiar. Det er knytt motsegn til

dette punktet.

2. Område ved Nausthaugen er lagt inn som BKB09 med føremål kombinert byggje- og anleggspøremål. Dette er ikkje i samsvar med dei omsyna som Riksantikvaren har sagt skal takast i og ved garveriverksemda, jf vedtak frå 2007. Planen er i konflikt med omsynet til nasjonale kulturminneverdiar. Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. Kulturmiljøet omkring Bullaeigedommen har nasjonal kulturminneverdi og må sikrast med ei tilstrekkeleg stor omsynssone kring eigedommen. I planframlegget ligg areal BKB05 slik til at tiltak kan redusera dei kulturminneverdiane som omsynssona skal ta i vare. Det er knytt motsegn til dette punktet.
4. Motsegna kan trekkast dersom det vert lagt fram revidert planforslag som tek omsyn til våre merknader, jf punkt 1, 2 og 3 ovanfor.
5. Kultur- og ressursutvalet rår til at Osterøy kommune tek omsyn til dei andre merknadene som er knytt til planforslaget.

PS 142/14 Søknad om overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn for auka kraftproduksjon i Hodnaberg kraftverk i Voss kommune - fråsegn

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn.

1. Hordaland fylkeskommune rår til traseval 2 ved utbygging. Alternativ bruk av tunnelmassar skal vurderast framfor tippar i terrenget. Dersom det er mogleg å transportere massane under temperatursprangsjiktet i Torfinnsvatnet blir traseval 2 foreslått som ei god løysning.
2. Hordaland fylkeskommune er positive til grovholsboring. Føresetnaden er at teknologien er vurdert som moden nok for aktuelt område, og at ein slik byggestrategi ikkje fører til andre vesentlege belastningar for omgivnadene.
3. Ein må vurdere minstevassføring nedstraums Svartavatnet, ved planlagd sperredam, med omsyn til elva som sentralt landskapselement og stad for friluftsliv og rekreasjon. Minstevassføring er også viktig med omsyn til biologisk mangfald i eit sårbart høgjfjellsområde.
4. Inngrepa i eit sårbart økosystem i høgjfjellet må avgrensast til eit absolutt minimum.
5. Driftsfase må gjennomførast utanom hekketid/ yngletid.
6. Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgivnadene. Ein må leggje vekt på eit landskapsmessig godt resultat med eit naturleg preg.
7. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av egne reirkasser skal vurderast.
8. Tiltaket skal ikkje svekke friluftslivkvalitetar i området nemneverdig.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn.

1. Hordaland fylkeskommune rår til traseval 2 ved utbygging. Alternativ bruk av tunnelmassar skal

vurderast framfor tippar i terrenget. Dersom det er mogleg å transportere massane under temperatursprangsjiktet i Torfinnsvatnet blir traseval 2 foreslått som ei god løysning.

2. Hordaland fylkeskommune er positive til grovholzboring. Føresetnaden er at teknologien er vurdert som moden nok for aktuelt område, og at ein slik byggestrategi ikkje fører til andre vesentlege belastningar for omgivnadene.
3. Ein må vurdere minstevassføring nedstraums Svartavatnet, ved planlagd sperredam, med omsyn til elva som sentralt landskapselement og stad for friluftsliv og rekreasjon. Minstevassføring er også viktig med omsyn til biologisk mangfald i eit sårbart høg fjellsområde.
4. Inngrepa i eit sårbart økosystem i høg fjellet må avgrensast til eit absolutt minimum.
5. Driftsfase må gjennomførast utanom hekketid/ yngletid.
6. Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgivnadene. Ein må leggje vekt på eit landskapsmessig godt resultat med eit naturleg preg.
7. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av eigne reirkasser skal vurderast.
8. Tiltaket skal ikkje svekke friluftslivkvalitetar i området nemneverdig.

PS 143/14 Fråsegn områderegulering Sævarhagen - Haga - Nedre Økland, Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Fleire arealformål i planframlegget er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Kultur- og ressursutvalet fremjar motsegn til:
 - Arealformål o_TB , turveg og tilhøyrande bestemmelseområde som går inn i sikringssona til fleire automatisk freda kulturminne, ID 60600,H730_3, ID 15869, H730_4 og ID 35512, H730_6.
 - Arealformålet UNB8, uthus/naust/badehus, som går inn i sikringssona til ID 35512, H370_6.
 - Arealformålet SB1, småbåtanlegg i sjø, går inn i sikringssona til ID 60600, H730_3
 - Manglande omsynssone c – bevaring kulturmiljø, H570 i plankartet, med tilhørande føresegn rundt alle dei automatisk freda kulturminna for å ivareta deira interesser i planen.
2. Det er manglande registrering av kulturminne i planområdet. Kultur- og ressursutvalet fremjar motsegn til at tilhøva til kulturminne i planen ikkje er avklart jf. §9 i kulturminneloven om undersøkingsplikt.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Nils Marton Aadland si mor er grunneigar i områdeplanen og gjekk frå som ugild jfr. forvaltningslova §6, 1. ledd bokstav b.

Det var 10 representantar til stades.

Svein Halleraker (H) sette fram slikt forslag til vedtak:

« Nytt pkt.1.

- Planen om å etablere turveg fra Sævarhagen til nedre Økland er et viktig folkehelseiltak som i tillegg til naturopplevelser, vil gi brukerne innsikt i stedets kulturminner.
- Det oppfordres derfor til å arbeide videre med tiltaket, i tråd med de bemerkninger som fremgår av dette vedtak.»

Røysting

Halleraker sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke, då som pkt. 2 og 3.

Vedtak

1. Planen om å etablere turveg frå Sævarhagen til Nedre Økland er eit viktig folkehelseiltak som i tillegg til naturopplevingar, vil gje brukarane innsikt i kulturminna på staden.
Ein oppfordrar difor til å arbeide vidare med tiltaket, i tråd med dei merknadene som går fram av dette vedtak.
2. Fleire arealformål i planframlegget er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Kultur- og ressursutvalet fremjar motsegn til:
 - Arealformål o_TB , turveg og tilhøyrande bestemmelseområde som går inn i sikringssona til fleire automatisk freda kulturminne, ID 60600,H730_3, ID 15869, H730_4 og ID 35512, H730_6.
 - Arealformålet UNB8, uthus/naust/badehus, som går inn i sikringssona til ID 35512, H370_6.
 - Arealformålet SB1, småbåtanlegg i sjø, går inn i sikringssona til ID 60600, H730_3
 - Manglande omsynssone c – bevaring kulturmiljø, H570 i plankartet, med tilhørande føresegn rundt alle dei automatisk freda kulturminna for å ivareta deira interesser i planen.
3. Det er manglande registrering av kulturminne i planområdet. Kultur- og ressursutvalet fremjar motsegn til at tilhøva til kulturminne i planen ikkje er avklart jf. §9 i kulturminneloven om undersøkingsplikt.

PS 144/14 Fråsegn til kommuneplanens arealdel, Fjell kommune

Forslag til vedtak

1. Forslaget til kommuneplanens arealdel for Fjell kommune 2014-2026 er grundig gjennomarbeid, og er langt på veg i samsvarar med regionale interesser. Grundige utgreiingar og tydelege kriterium for ny arealbruk er grep som har ført til ein ryddig planprosess.

Plantemaa landskap, estetikk, friluftsliv, folkehelse, barn- og unges interesser og klimatilpassing samsvarar er godt ivareteke i planen.
2. Bustadstruktur: Den spreidde ubyggingsstrukturen blir i stor grad vidareført ved at det er lagt til rette for fleire bustadområde langt frå skule, arbeidsplassar og butikkar, og utan at det er vurdert ein senterstruktur på lokalsenternivå. Dette er ikkje i tråd med prinsippet om samordna areal og transportplanlegging eller fylkeskommunens arealpolitiske retningslinjer om senterstruktur.
 - a. Kultur- og ressursutvalet rår i frå byggeområde som ikkje er i samsvar med samordna areal- og transportplanlegging, og som konsekvensutgreiinga rår i frå. Det gjeld både nye bustadområde og nye område for LNF spreitt bustad:
 - a. 162 Bjorøy (bustad)
 - b. 401 Kolltveit (bustad)
 - c. 122 Kolltveit (bustad)
 - d. 374 Ebbesvik (bustad)
 - e. 297 Eide (bustad)
 - f. 199 Kårtveit (bustad)
 - g. 218 Morlandstø (bustad)
 - h. 321 Spjeld (bustad)
 - i. 159 Trengereid (bustad)
 - j. 376 a Ekerhovd nord (LNF spreitt busetnad i område Lie/Ekerhovda)
 - k. 212 Ulveset (LNF spreitt busetnad i område Midtre Fjell)
 - l. 166 Geitanger (LNF spreitt busetnad på Geitanger)

- m. 214 Fjæreide (LNF spreitt busetnad i område Fjæreide og Morland)
- n. 411 Kallestad (LNF spreitt busetnad i område Søre Fjell)

Det er knytt motsegn til punkt d-n

- b. Kommuneplanen må vurdere ein senterstruktur på lokal- og nærsenternivå
Det er knytt motsegn til dette punktet
 - c. Talet på einingar i LNF spreitt bustad i heile kommunen bør reduserast for å reservere potensielt byggjeareal til kommande rulleringar. Det må ikkje leggjast til rette for nye arealføremål i områda Lie og Ekerhovda og Nordre Fjell. Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. LNF spreitt bustad: Arealføremålet LNF-spreitt bustad er ikkje eit eigna føremål i ein vekstkommune som Fjell. Føremålet fører til dårlegare trafikktryggleik, mindre heilskapleg utvikling av utbyggingsområde, ein meir spreitt bustadstruktur og gjev utfordringar knytt til regionale interesser som landskap og friluftsliv.
- a. Kultur- og ressursutvalet er einig kommunens vurderingar om at det er behov for ei omgjerding frå LNF til bustad, og at det bør bli prioritert ved neste rullering.
4. Kulturminne er godt kartlagt og vurdert i konsekvensutgreiinga, og ingen nye arealføremål er i direkte konflikt med kjende kulturminne av regional eller nasjonal verdi.
- a. Omsynssone for gjennomføring H810-74 er i strid med automatisk freda kulturminne og kulturmiljø av nasjonal verdi på Vindeneskvarven.
Det er knytt motsegn til gjennomføringssona H810-74. Motsegna blir trekt dersom gjennomføringssona H810-74 blir teke ut, og følgjande punkt blir teke inn i retningslinjer til omsynssone H530-68: «*Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som er eigna til å forringe dei kulturhistoriske verdiane i arealet. Tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering, jf. §§3 og 8 i kulturminnelova*».
 - b. Arealføremålet LNF med høve til spreidd busetnad må ha følgjande formulering i føresegnene: «*Søknad om tiltak i ubebygde areal skal sendast til Hordaland fylkeskommune for vurdering, jf. §§ 3, 8 og 9 i kulturminnelova*».
Det er knytt motsegn til dette punktet.
 - c. Det bør utarbeidast ei omsynssone for vern av kulturmiljø rundt Fjell festning i tråd med føreliggjande verneplan
 - d. Store delar av Fjell kommune utgjer prioritert marinarkeologisk område.
 - e. Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om nye byggjeområde i kommuneplanen sin arealdel inntil §9 i kulturminnelova er oppfylt for det einskilde byggjearealet, og tilhøva til automatisk freda kulturminne er avklart.
5. Samferdsel:
- a. Det er positivt med rekkefølgjekrav som sikrar gang- og sykkelveg frå bustadområde til skule eller kollektivhaldeplass
 - b. Område for LNF med høve til spreitt busetnad gjer det vanskeleg å stille krav og planlegge for naudsynt infrastruktur.
6. Akvakultur: Lokalitet Kelvesteinen: Arealgrensene i planen må justerast slik at heile anlegget med fortøyingar og ankerfeste ligg innanfor akvakulturområde eller i fleirbruksområde.
7. Strandsone: Fjell kommune har i hovudsak gjort eit godt arbeid med å leggje til rette for småbåthamner og tilkomst til friluftsområde til sjøs, framfor å etablere naustområde.
- a. Enkelte naustområde fortettar strandsona i område med arealpress, ligg i område eigna for friluftsliv eller er heilt nye naustområde. Kultur- og ressursutvalet rår i frå følgjande nye arealføremål:
 - a. 96 Ekerhovd (naust) – pressområde

- b. 124 Algrøy (naust) – landskap
- c. 240 Arefjord (naust) – pressområde og friluftsliv
- d. 172 b Kolltveit (naust) – friluftsliv
- e. 452 Kolltveit (naust) – friluftsliv
- f. 335 Bjørøy (fritids- og turistføremål) – landskap og strandsone
- g. 349 Brattholmen Snekkevik (naust) – pressområde på strandsona
- h. 442 Knappskog (naust) – friluftsliv
- i. 426 Kolltveit (naust) – landskap og friluftsliv
- j. 149a Misje (naust) – friluftsliv
- k. 171 Solsvik (naust) – ubygd strandsone
- l. 432 Algrøy (fritids- og turistføremål) – landskap og friluftsliv

Det er knytt motsegn til områda g–l.

- b. Føresegnene bør vise kva naustområde som skal ha reguleringsplan, eventuelt kor mange naust det kan leggjast til rette for i kvart naustområde.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Anita G. Johannessen(Frp) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Saken blir utsatt for synfaring og dialog med kommunen.»

Røysting

Johannessen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka blir utsatt for synfaring og dialog med kommunen.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Siri Klokkestuen (A) sette fram slikt endringsforslag på vegner av A, H, Frp og V:

«Forslag om å ta bort følgjande:

2a)

- Pkt. f -199 Kårtveit. Området ligg i tilknytning til Ågotnes sentrumsområde som er eit naturleg utviklingsområde.
- Pkt. h – 321 Spjeld. Vidareutvikling av eksisterande byggefelt.
- Pkt. i – 159 Trengereid. Trengereid ligg nært kommunesenteret i Sund kommune, omtrent på grensa. Må sjå samanheng over kommunegrensa.
- Pkt. n – 441 kaldstad. Ligg også nær kommunesenteret i Sund.

2b) Motsegn tas bort.

7a)

- Pkt. h – 442 Knappskog
- Pkt. j – 426 Kolltveit
- Pkt. k – 171 Solsvik»

Røysting

Klokkestuen sitt forslag vart vedteke med 9 røyster mot fylkesrådmannen sitt forslag som fekk 2 røyster (MDG).

Vedtak

1. Forslaget til kommuneplanens arealdel for Fjell kommune 2014-2026 er grundig gjennomarbeid, og er langt på veg i samsvarar med regionale interesser. Grundige utgreiingar og tydelege kriterium for ny arealbruk er grep som har ført til ein ryddig planprosess.

Plantemaa landskap, estetikk, friluftsliv, folkehelse, barn- og unges interesser og klimatilpassing samsvarar er godt ivareteke i planen.

2. Bustadstruktur: Den spreidde ubyggingsstrukturen blir i stor grad vidareført ved at det er lagt til rette for fleire bustadområde langt frå skule, arbeidsplassar og butikkar, og utan at det er vurdert ein senterstruktur på lokalsenternivå. Dette er ikkje i tråd med prinsippet om samordna areal og transportplanlegging eller fylkeskommunens arealpolitiske retningslinjer om senterstruktur.
 - a. Kultur- og ressursutvalet rår i frå byggeområde som ikkje er i samsvar med samordna areal- og transportplanlegging, og som konsekvensutgreiinga rår i frå. Det gjeld både nye bustadområde og nye område for LNF spreitt bustad:
 - a. 162 Bjørøy (bustad)
 - b. 401 Kolltveit (bustad)
 - c. 122 Kolltveit (bustad)
 - d. 374 Ebbesvik (bustad)
 - e. 297 Eide (bustad)
 - f. 199 Kårtveit (bustad)
 - g. 218 Morlandstø (bustad)
 - h. 321 Spjeld (bustad)
 - i. 159 Trengereid (bustad)
 - j. 376 a Ekerhovd nord (LNF spreitt busetnad i område Lie/Ekerhovda)
 - k. 212 Ulveset (LNF spreitt busetnad i område Midtre Fjell)
 - l. 166 Geitanger (LNF spreitt busetnad på Geitanger)
 - m. 214 Fjæreide (LNF spreitt busetnad i område Fjæreide og Morland)
 - n. 411 Kallestad (LNF spreitt busetnad i område Søre Fjell)

Det er knytt motsegn til punkt d, e, g, j, k, l, og m

- b. Kommuneplanen må vurdere ein senterstruktur på lokal- og nærsenternivå
 - c. Talet på einingar i LNF spreitt bustad i heile kommunen bør reduserast for å reservere potensielt byggeareal til kommande rulleringar. Det må ikkje leggjast til rette for nye arealføremål i områda Lie og Ekerhovda og Nordre Fjell. Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. LNF spreitt bustad: Arealføremålet LNF-spreitt bustad er ikkje eit eigna føremål i ein vekstkommune som Fjell. Føremålet fører til dårlegare trafikktryggleik, mindre heilskapleg utvikling av utbyggingsområde, ein meir spreitt bustadstruktur og gjev utfordringar knytt til regionale interesser som landskap og friluftsliv.
 - a. Kultur- og ressursutvalet er einig kommunens vurderingar om at det er behov for ei omgjerding frå LNF til bustad, og at det bør bli prioritert ved neste rullering.
 4. Kulturminne er godt kartlagt og vurdert i konsekvensutgreiinga, og ingen nye arealføremål er i direkte konflikt med kjende kulturminne av regional eller nasjonal verdi.
 - a. Omsynssone for gjennomføring H810-74 er i strid med automatisk freda kulturminne og kulturmiljø av nasjonal verdi på Vindenekvarven.
Det er knytt motsegn til gjennomføringssone H810-74. Motsegna blir trekt dersom gjennomføringssone H810-74 blir teke ut, og følgjande punkt blir teke inn i retningslinjer til omsynssone H530-68: «*Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som er eigna til å forringe dei kulturhistoriske verdiane i arealet. Tiltak i omsynssone skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering, jf. §§3 og 8 i kulturminnelova*».
 - b. Arealføremålet LNF med høve til spreidd busetnad må ha følgjande formulering i føresegnene: «*Søknad om tiltak i ubebygd areal skal sendast til Hordaland fylkeskommune for vurdering, jf. §§ 3, 8 og 9 i kulturminnelova*».
Det er knytt motsegn til dette punktet.
 - c. Det bør utarbeidast ei omsynssone for vern av kulturmiljø rundt Fjell festning i tråd med føreliggjande verneplan
 - d. Store delar av Fjell kommune utgjer prioritert marinarkeologisk område.
 - e. Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om nye byggeområde i

kommuneplanen sin arealdel inntil §9 i kulturminnelova er oppfylt for det einaskilde byggearealet, og tilhøva til automatisk freda kulturminne er avklart.

5. Samferdsel:
 - a. Det er positivt med rekkefølgjekrav som sikrar gang- og sykkelveg frå bustadområde til skule eller kollektivhaldeplass
 - b. Område for LNF med høve til spreitt busetnad gjer det vanskeleg å stille krav og planlegge for naudsynt infrastruktur.
- 6 Akvakultur: Lokalitet Kelvesteinen: Arealgrensene i planen må justerast slik at heile anlegget med fortøyingar og ankerfeste ligg innanfor akvakulturområde eller i fleirbruksområde.
- 7 Strandsone: Fjell kommune har i hovudsak gjort eit godt arbeid med å leggje til rette for småbåthamner og tilkomst til friluftsområde til sjøs, framfor å etablere naustområde.
 - a. Enkelte naustområde fortettar strandsona i område med arealpress, ligg i område eigna for friluftsliv eller er heilt nye naustområde. Kultur- og ressursutvalet rår i frå følgjande nye arealføremål:
 - a. 96 Ekerhovd (naust) – pressområde
 - b. 124 Algrøy (naust) – landskap
 - c. 240 Arefjord (naust) – pressområde og friluftsliv
 - d. 172 b Kolltveit (naust) – friluftsliv
 - e. 452 Kolltveit (naust) – friluftsliv
 - f. 335 Bjorøy (fritids- og turistføremål) – landskap og strandsona
 - g. 349 Brattholmen Snekkevik (naust) – pressområde på strandsona
 - h. 442 Knappskog (naust) – friluftsliv
 - i. 426 Kolltveit (naust) – landskap og friluftsliv
 - j. 149a Misje (naust) – friluftsliv
 - k. 171 Solsvik (naust) – ubygd strandsona
 - l. 432 Algrøy (fritids- og turistføremål) – landskap og friluftsliv

Det er knytt motsegn til områda g, i, og l.

- b. Føresegnene bør vise kva naustområde som skal ha reguleringsplan, eventuelt kor mange naust det kan leggjast til rette for i kvart naustområde.